



Ann-Jorunn Farestveit
Modalen 971
5729 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/321 - 22/2470

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
25.11.2022

Innvilga tilskot frå næringsfondet til landbruksføremål - rundballepresse og mjølkekvote på gbnr 80/1 Farestveit

Administrativt vedtak Landbruk sak nr: 025/2022

Vi syner til din søknad datert 26.10.2022 . Det er gjort slikt vedtak i saka.

Vedtak

Ann Jorunn Farestveit gnr. 80, bnr. 1 får eit tilskot på 20% av kostnaden, avgrensa til kr 31 000,-til kjøp av brukt rundballepresse og tilskot på 75 % av kostnaden, avgrensa til kr 4 629 til kjøp av mjølkekvote:

Vilkår for utbetaling: Tilskot vert utbetalt på grunnlag av med gatte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvarmed kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapan skal vere attestert av rekneskapsførar.

Tilskot kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksending i dette tidsrommet.

Tilsegna står ved lag i eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Dekning: Næringsfondet

Saksutgreiing:

Ann Jorunn Farestveit søker om tilskot frå næringsfondet til kjøp av brukt rundballepresse og mjølkekvote.

Grunngjeving for søknaden er at den gamle rundballepressa er utsliten. Den nye pressa har kutting og vil difor gje betre for, som er lettare å handtere. Dette vil vera positivt for HMS – helse, miljø og sikkerhet. Pressa er kjøpt brukt og kostar kr 155 000. Det er søkt næringsfondet om kr 31 000,- og kr 124 000 er eigne midlar.

Farestveit har søkt staten om å få kjøpa mjølkekvote då ho har fått utvida røyrgate i fjøset og kan dermed ha fleire mjølkekyr. Staten har innvilga at ho får kjøpa 1543 liter til kr 6172 kr. Det er søkt næringsfondet om kr 4629,- og eigne midlar er kr 1 543.

Søklar driv føretaket 992190922, der ho driv kjøtt og mjølkeproduksjon på storfe.

Total kostnader er 161 172. kr i tilskot frå næringsfondet utgjer kr. 35 625 og eigne midlar er kr. 125 543,-. Faktura frå Felleskjøpet og vedtak frå landbruksdirektoratet ligg ved.

Vurdering:

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen. I pkt. 3 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det:” Frå Næringsfondet i Modalen vert det ved utskifting av driftsmiddel gjeve 20% tilskot og 13,3% lån. Eventuelt innbytte skal trekkjast frå.

Godt utstyr for grashausting er ein viktig føresetnad for effektiv drift. Mykje dårleg vær under innhausting dei siste åra har synleggjort trongen for å ha oppdatert utstyr som kan gjera at jobben vert effektivt utført. Kutting av graset kan gje betre forkvalitet og gjer det lettare å handtera foret når det skal førast med.

Garden har godt forgrunnlag så det er positivt at mjølkeproduksjonen kan aukast ved meir kvote.

På bakgrunn av søknad og vurderingar gjort av administrasjon meiner rådmannen at søknaden er i samsvar med intensjonar og stettar dei krav som tilskotsordninga er retta mot. Ann Jorunn Farestveit eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 17 000,-til kjøp av nyforhaustar.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen

skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt landbruksjef Laila Bjørge.

Med helsing

Laila Bjørge
landbruksjef